



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Hjertvika naturreservat

Aukra kommune

An aerial photograph of the Hjertvika nature reserve, showing a large, dark blue lake with a sandy beach and a small island in the foreground. The surrounding landscape is a mix of green fields, forests, and rocky terrain, with a clear view of the sea in the distance.

Rapport 2010:06

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:
2010:06

Dato:
10.06.2010

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR HJERTVIKA NATURRESERVAT

Forfatter:

Ragna Sortland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen for Hjertvika naturreservat i Aukra kommune er godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i §§ 8 og 9 i verneforskrifta av 8. november 2002.

Referat:

Hjervika naturreservat vart verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos for Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på den minst påverka sanddynelokaliteten i Romsdal som også er den nordlegaste i Europa med marehalm og sandstorr i nokon mengde.

Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyresmakt for Hjertvika naturreservat. Hovudutfordringane er endringane i driftsmetodar i landbruket generelt, men særleg gjengroing som følgje av endra beitebruk. Eit viktig moment er å oppretthalde dagens beitebruk og å skjøtte skogen i elvedalen for å vidareføre karakteren av hagemark. Det er òg eit mål å bevare eit livskraftig vegetasjonsbelte mellom dyrkamarka og stranda, dette for å ivareta marehalm og sandstorr. Andre mål i forvaltingsplanen er mellom anna å stoppe gjengroinga og spreinga av framande artar, og å halde Landholmen fri for trevegetasjon.

For å gjennomføre tiltaka i forvaltingsplanen legg vi opp til eit samarbeid mellom grunneigarar, interessegrupper, Aukra kommune og Statens naturoppsyn.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:

Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel, sanddyner, biologisk mangfald.

ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-184-9
ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-183-2
ISSN: 0801-9363



Ulf Lucassen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernavingdelinga

FORORD

Hjertvika naturreservat i Aukra kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 08 november 2002 som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Forvaltingsplan for området er utarbeida som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel. Planforslaget har vært ute på høyring.

Det er ei satsing frå fylkesmannen si side å sikre verneverdiane i Hjertvika naturreservat. Denne planen bør sjåast som eit forsøk på å ta i vare dei biologiske verdiane i området, og då spesielt sanddynelokalitetane med marehalm og sandstorr. Som følgje av endringar i naturtilstanden i Hjertvika naturreservat dei seinaste åra har fylkesmannen sett behovet for tiltak for å sikre verneverdiane i området. Dette er den første forvaltingsplanen som er laga for Hjertvika naturreservat, og vi opnar for revidering av planen etter å ha prøvd den i praksis i nokre år.

Dette vedtekne planen er i hovudtrekk i samsvar med forslaget Fylkesmannen i Møre og Romsdal sendte ut på høyring. Vi håper at planen er både oppklarande og informativ for alle interesserte.

Planen er utarbeidd av Ragna Sortland ved fylkesmannens kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde, 9. juni 2010

Innhald

FORORD.....	5
1 INNLEIING	8
2 SKILDING OG STATUS	10
2.1 Områdeskildring	10
2.2 Brukshistorie.....	10
2.3 Egedomsforhold	11
2.4 Naturfaglege verdiar	11
2.5 Bevaringsmål	14
3 BRUKARINTERESSER	15
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser	15
3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	16
3.3 Jakt , fiske og friluftsliv	16
3.5 Undervisning og forskning	17
3.6 Forureining	18
3.7 Bygningar og tekniske inngrep	18
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	18
4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	18
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	20
4.3 Informasjon og tilrettelegging	20
4.4 Oppsyn.....	21
5 SAKSBEHANDLING	21
5.1 Forvaltingsstyresmakt.....	21
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning	21
6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV	25
7 REFERANSAR.....	26

Vedlegg

1. Verneforskrifta for Hjertvika naturreservat
2. Kart over området med teiknforklaring
3. Observerte planteartar i Hjertvika naturreservat
4. Forvaltingsoppgåver og tiltak, tabell
5. Informasjonsskiltet for Hjertvika naturreservat
6. Saksbehandling av planen

Framsida: Oversiktsbilde av Hjertvika tatt frå søraust med Falkorhaugen og Landholmen i forgrunnen (foto: Øyvind Leren, 2002)

Med mindre anna er oppgitt er alle bilete tatt av Miljøvernavinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.


1 INNLEIING

Hjertvika naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 8. november 2002. Føremålet med fredinga er; ”å ta vare på den minst påverka sanddynelokaliteten i Romsdal som også er den nordlegaste i Europa med marehalm og sandstorr i noko mengde”. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsmynde for naturreservatet.

Hjertvika naturreservat ligg på sørsida av Gossen i Aukra kommune. Verneområdet er i store delar sjø. Landarealet består av strandsone, ein del fjell med delvis vegetasjon og dei to holmane Hjertet og Landholmen. Bestandane av sandstorr og marehalm er langs stranda sør og aust i reservatet. Hjertvika er verna som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal og er ein unik og vakker lokalitet. I området skjer det attgroing, særleg i Hjertvikdalen, og utvasking av sand, og verneverdiane er trua av tidvis stor ferdsel. Det er dyrka mark langs reservatgrensa i sør og aust. Hjertvika er rastelokalitet for fuglar på trekk.



Kart over Gossen i Aukra kommune med Hjertvika naturreservat skravert med grønt.



Oversiktskart over Hjertvika naturreservat med tilgrensande område (Norge Digitalt.)

Forvaltingsplanen for Hjertvika naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Den skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Det er fri allmenn ferdsel i reservatet. Det finst ikkje reguleringsplan for området.

Forvaltingsplanen for Hjertvika er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6)

omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Hjertvika naturreservat er eit lite område i areal, men representerer viktige levestad for plantene marehalm og sandstorr og er også ein viktig kvilestad for fleire sårbare og trua fuglearter. Området har stor opplevingsverdi for publikum.

For å sikre område som er særlege viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskeleg aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkningsfaktorar. Å verne område som Hjertvika etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet. Hjertvika naturreservat er eit av fire område i Møre og Romsdal som er verna i kategorien *sandstrand/dyne* innanfor verneplan for havstrand- og elveoslokalitetar.



Oversikt over Hjertvika naturreservat (Foto: Øivind Leren, 2002)

2 SKILDRING OG STATUS

Verneforma

Hovudformålet med vern som naturreservat er bevaring av særlig urørt natur eller spesielle naturtypar. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 Områdeskildring

Hjertvika naturreservat består av ei vestvendt bukt og tilgrensande landareal sørvest på Gossen i Aukra kommune. Området dekkjer eit areal på ca. 666 daa, derav er ca. 525 daa vassareal. I sørenden av vika munnar Hjertvikelva ut i sjøen og dannar en gradvis overgang mellom ferskvatn og saltvatn. Området omfattar eit svakt hellande terreng ned mot sjøen med sandstrand, sanddyner og eit langgrunt sjøområde. Det dominerande substratet er finsand, men på eroderte parti av stranda finst det parti med grus og stein, og det er nokre flygesanddyner. I tillegg ligg det to små holmar, Hjertet og Landholmen, i området. Berggrunnen er kvartsdiorittisk til granittisk gneis. Bakgrunn for vernet er sandstranda med tilhøyrande vegetasjon.

Området har oseanisk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar, gjennomsnitt pr år er ca 8°C og ligg i den sterkt oseaniske seksjonen, humid underseksjon, i den sørboreale vegetasjonssona. Gjennomsnittleg nedbørsmengd per år er ca 1200 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn.

2.2 Brukshistorie

Hjertvika hovudgard (gnr 2) er ein av dei yngste i Aukra kommune, og er først nemnt i litteraturen i 1520. Det er likevel truleg at han sto her alt frå før 1350. Marka blei dyrka, og jorda blei karakterisert som lett å drive, men av dårlig kvalitet. Det blei dyrka bygg, havre og potet. Garden hadde ikkje seter, kvern eller skog, og fordi det ikkje var mogeleg å ta ut ved i området, vart det nytta torv til brenslé. Området rundt vika med unntak av Hjertvikdalen blei heller ikkje nytta som beitemark i nokon utstrekning, beitedyra blei ført til utmarka lenger inn på øya. Det blei halde både hestar, kyr og får her i fleire hundreår. Fiske var òg eit viktig tilskot til gardsdrift for bøndene i området.

Sørenden av vika, innafor Landholmen, er eit naturleg leområde for bråttsjø frå det opne havet. Segner fortel at dei som kom frå øyane utanfor Gossen tok i land likkistene her når det var dårlig ver, derfor heiter det no Likstadberget. Det er også sagt at den første brukaren av Hjertvika hovudgard budde mellom Likstadberget og Hjertvikelva. Vegetasjonen langs

Hjertvikelva var mindre både i høgde og breidde i til dømes 1968 enn i dag. Området var, og er, nytta til beite og har derfor blitt skjøtta ved å ta ut ved og tynne ut kratt.

Det finst ikkje kjende automatisk freda kulturminne i reservatet.

2.3 Eigedomsforhold

Hjertvika naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande G.nr/B.nr: 2/1, 2, 3, 11, 14 og 15. Oppdatert informasjon frå Matrikkelen viser at pr 01.08.09 er denne informasjonen korrekt. Sjå vedlegg 2 for meir nøyaktig kart over reservatet med eigedomsgrenser.



Flyfoto av reservatet. Grøn linje viser vernegrensa for Hjertvika naturreservat, raude linjer viser eigedomsgrenser, raude tal viser gards- og bruksnummer, svarte tal viser høgde (Norge Digitalt).

2.4 Naturfaglege verdiar

Hjertvika har ei eksponert, men temmeleg intakt sandstrand, og bølgeerosjon har satt tydelege spor i sanddyner og strandengsamfunnet. Området er botanisk svært interessant. Strender med finsand som dominerande substrat og med sanddynevegetasjon er ein svært sjeldsynt naturtype i Noreg. I hovudsak finst han på sørvestlandet, på nordvestlandet sør for Trondheim og i Finnmark. Møre og Romsdal generelt har dei nordlegaste lokalitetane for sanddyner med varmekjære sandstrandartar som marehalm, strandkveke og sandstorr, og lokaliteten i Hjertvika er den nordlegaste i Europa der sandstorren er relativt vanleg. Funn av marehalm og strandkveke i Hjertvika er dokumentert alt i 1897.

Den totale variasjonen i plantesamfunnstypar er stor i Hjertvika, og soneringa i sanddynene er relativt fullstendig, frå forstrender med strandarve til etablert dyne med gjeldkarve. Både marehalmen og sandstorren finst i hovudsak i området ved elvemunningen. Strandenga i austenden av reservatets er middels artsrik. I vegetasjonsbeltet mellom stranda og dyrka mark blei det tidlegare funne interessante artar som marinøkkel, bakkesøte, kvitkurle, fjellfrøstjerne og kjevlestorr, men fordi dette vegetasjonsbeltet no er svært smalt og dyrkamarka blir sterkare



Marehalm

gjødsla er det sannsynleg at desse artane er forsvunne. Det finst ikkje systematisk materiale på plantesamansetjing i mengde, artar og utvikling, derfor kan ein berre anslå endringar som generell trend. I sør- og nordenden av reservatet er det fjellgrunn med grunt humuslag og typisk kystlyngheipreg, med røsslyng og fleire moseartar. Ved busetnaden i nordaust er det grasdekt eng ned mot ei grovsteinstrand. Elles er området temmeleg vegetasjonsfattig, med mykje bart berg mot sjøen, både i nord og sør,

og på dei to holmane. Sjå vedlegg 3 over registrerte planteartar i eller i nærleiken av reservatet. Hjertikelva ligg i eit slags skar i Hjertikdalen med ei flat slette i botn, vel 10 m djup og 50-150 m brei. Dalen har blitt vaska ut sidan siste istid, og jordsmonnet som er fjerna har truleg i store delar vore sand. Storfe beitar i dalen og det er aukande attgroing, spesielt av bjørk og buskfuru samt litt hassel. Beitet gjer at dalen elles stort sett er graskledd.

Hjertikelva følgjer meandermønster i den flate og svakt skrånande dalen; altså dannar ho eit gjentatt bua mønster der elva grev ut sediment og uregelmessig skiftar løp i dalen. Ein elvemeander blir danna fordi elva flyter raskare på utsida av kanten av en liten kurve og saktare på innsida av kurva. Avsetning av sediment skjer på innsida av kurva ettersom elva, som flyter sakte, ikkje fraktar sediment, men dytter dei føre seg. I meanderlaupet eroderer elva i yttersvingane og avsett materiale i innersvingane. På den måten flytter elveleiet seg frå side til side i dalbotnen. Vegetasjonen bremsar dette meandermønsteret og held sedimenta på plass. På 1930-tallet ble det påvist ei rekkje lavartar i elvedalen.



Hjertikelva dannar meandersvingar i Hjertikdalen

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i forbindelse med kartlegging av naturtypar i Noreg spesielt omtala nokre naturtypar som er å sjå som viktige i samanheng med biologisk mangfald, desse er samla i DN's handbok 13 om naturtypekartlegging og Handbok 19 om marin kartlegging. Her er det også omtala korleis ein kjenner igjen naturtypar, kva som er typisk for dei ulike naturtypane og kvifor dei er viktige i norsk natur.

Aukra kommune kartla naturtypane i kommunen i 2002. Avgrensa lokalitetar blei sorterte og verdsette etter naturtype på ein skala frå A – C (A = svært viktig, B = viktig, C = lokalt viktig), der Hjertvika blei klassifisert som Havstrand/kyst med verdi A. Historisk er Hjertvika

ein ynda studieplass for botanikkinteresserte, og mykje av den systematiske botaniske informasjonen er samla 1890 og 1934. Nyare analyser er gjort i 1986 og 1996.

Truslar

Det er viktig at sandbindande planter som marehalm, sandstorr og strandrug får utvikle seg langs stranda for å sikre sanddynene. Bevaring av dei to planteartane marehalm og sandstorr er hovudformålet med vernet, dei er i sin tur med å bevare strandmiljøet ved å skjerme stranda mot utvasking. Hjertvika er eit ynda turmål, særleg om sommaren, og det er derfor viktig å kanalisere ferdsel og aktivitet vekk frå område med verneverdige plantar. Stranda er mykje brukt om sommaren, og neset i nordvestenden er ein velegna stongfiskeplass.

Hjertvikelva ligg i ein elvedal skjerma av buskar og tre. Det har historisk ikkje vore høg vegetasjon her, den har tradisjonelt vore beita slik at heile dalen har hatt eit ope landskapspreg. Det er viktig å ha noko vegetasjon langs elva for å hindre erosjon.


Rynkerose

Rynkerosa er opphavleg frå Asia og har vore planta som prydbusk i Noreg alt frå 1800-tallet, og finst i dag i forvilla tilstand over store delar av landet. Ho har svært stor spreingsevne og formeirar seg både vegetativt, med rotskot, og med frø frå nypene. Fordi ein rotbit på nokre cm er nok til at rynkerosa spirer på nytt, er ho svært vanskeleg å fjerne mekanisk. I den norske Svartelista er rynkerosa i kategori Høg Risiko. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Busk- og bergfuru

Buskfuru er ein fleirstamma busk eller lite tre som opptre med stor formrikdom, men som sjeldan blir meir enn 10 m høgt. Bergfuru derimot, kan bli opp til 20 m høgt. Begge artane er svært nøysame og kan vokse godt både på skrinne og fattig mark. Formeiringa skjer med frø, frå 5-10 års alder. Naturlig hybridisering mellom busk- og bergfuru førekjem der utbreiinga overlappar. Begge artane er naturleg utbreidd sør i Europa og planta i Noreg frå rundt 1900. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Rynkerosa var etablert på ein lokalitet i verneområdet, men er no fjerna ved å klippe ned buskene og pensle stubbene med glyfosat. Arten har stort potensiale for spreiding og lokaliteten må haldast under oppsikt for å stanse nyvekst. Ved ei eventuell ny fjerning kan same behandlinga nyttast. Ved eventuell mekanisk fjerning er det viktig å rydde meir enn ein gong per sesong for å unngå eit utal nye skot, men det er då naudsynt med samarbeid med lokale krefter sidan det er svært tids- og arbeidskrevjande.

2.5 Bevaringsmål

”Føremålet med fredinga er å ta vare på den minst påverka sanddynelokaliteten i Romsdal som også er den nordlegaste i Europa med marehalm og sandstorr i noko mengde”.

Verneforskrifta punkt III

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.

I denne planen er naturkvalitetane i Hjertvika naturreservat samla i fem kategoriar. For kvar naturkvalitet er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Nokre av bevaringsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.

Naturkvalitet

Forklarast som naturtype, arter, geologi og landskap som skal bevarast i eit verneområde. Føremålet med vernet ligg i dette omgrepet, og kan vere ein eller fleire naturkvalitetar.

Forvaltingsmål

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot rekreasjon, jakt, og landbruket sine interesser.

Bevaringsmål

Desse skal konkretisere dei meir overordna forvaltingsmåla. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at naturkvaliteten skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Hjertvika naturreservat

	Naturkvalitet	Bevaringsmål	Tiltak	Oppsyn
Vegetasjon	Vegetasjonsbelte mellom stranda og dyrkamark eller beitemark	Vegetasjonsbeltet skal være minimum 15m breitt		Jamleg kontroll av reservatet for å følge tiltak, utviklig og konsekvensar av skjøtsel. Ein gong kvart år. Dette gjeld for alle opplista tiltak
	Marehalm	Oppretthalde bestanden av marehalm slik han står i dag. Marehalmområdet skal være av god kvalitet	Ferdsl bør kanalisrast utanfor marehalmområda slik at marehalmen ikkje blir øydelagd. Informasjon kan være eit virkemiddel	
	Sandstorr	Oppretthalde bestanden av sandstorr slik han står i dag. Sandstorrområdet skal være av god kvalitet	Ferdsl bør kanalisrast utanfor sandstorrområda slik at sandstorren ikkje blir øydelagd. Informasjon kan være eit virkemiddel	
	Naturbeitemark rundt Hjertvikelva	Elvedalen skal behalde sitt historiske halvopne preg	Oppretthalde beite med storfe og ta ut delar av den høge bjørke- og bergfuruvegetasjonen. Fjerne bergfuru.	
	Sanddyner	Behalde dynamikken i sanddynelandskapet	Ingen tiltak er naudsynte, men stranda må få utvikle seg naturleg. Det er ikkje ynskjeleg med store uttak av sand	

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Hjertvika naturreservat. I dette kapitlet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1. Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som har betydning for forvaltinga. I § 3 *Vernereglar* går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor



Landholmen

reservatet. § 4 *Generelle unntak* omtalar dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i §3, mens det i § 5 *Eventuelle unntak etter søknad* går fram kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i § 3, og som ikkje er nemnt i § 4 eller § 5 er i utgangspunktet forbode. Naturmangfaldlovens §48 gjeld no i staden for den generelle dispensasjonsreglane i § 7 i verneforskrifta. Tolkning av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 *Primærnæring – jordbruk og skogbruk*

Bønder har dyrka jorda i Hjertvika i fleire hundre år og jorda går ned til, og delvis inn i, sjøve reservatet. Fordi verneformålet er å bevare plantene mellom stranda og dyrkajorda er det viktig at denne vegetasjonssona mellom stranda og enga ikkje blir smalare enn i dag. Langs stranda og på Likberghaugen i søraust går det storfe, beiteområdet er delvis innafør reservatgrensa. Det er ein del avrenning frå både jordbruk og beite over stranda og i sjøen i tillegg til Hjertikelva. Det er ikkje skog i reservatet, men ein del større tre og tett kratt langs Hjertikelva, samt ei klynge tre på Likstadberget.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Halde vegetasjonsbeltet langs stranda fri for jordbruk, tre og kratt

3.3 *Jakt , fiske og friluftsliv*

Jakt på hjortedyr, altså hjort og rådyr, samt kanadagås og fangst av villmink er lovleg i reservatet. Dette skal gjerast i samsvar med viltlova og andre gjeldande lover. Fangst av villmink bør skje med slagfelle. Det finst også fleire fine fiskeplassar langs sjøen både i naturreservatet og i friluftsområdet. Fiske samt uttak av fjøremark og agnskjel er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer også fiske etter hummar, krabbe og skjell, sjå kap 5.2. Det går sjøaure i Hjertikelva, derfor der det naudsynt å verne elva mot inngrep som kan redusere kvaliteten som gyteplass. Elles er alt dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, freda mot skade og øydelegging, og nye dyreartar skal ikkje innførast. Hjertvika naturreservat blir i utstrakt grad nytta som tur- og rekreasjonsområde, særleg til bading om sommaren. Det er tilrettelagt for meir stadbunden aktivitet ved parkeringsplassen. Her står det fleire benker og ein grill, i tillegg ligg det på innsida av Hjertet ei flytebrygge for badeformål. Bruken av området aukar truleg som følgje av tilrettelegging for friluftaktivitetar. Det er lite sannsynleg at området vert mykje nytta av folk frå fastlandet. Friluftsliv er ikkje i konflikt med verneformålet dersom ferdsel blir kanalisert utanfor vegetasjonsbeltet ved stranda.



Det er lagt til rette for friluftsliv ved parkeringsplassen



Hjertvikstranda er ein mykje nytta bade plass på fine sommardagar

Verneforskriftene går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen derfor prioriterast over friluftsliv ved ei eventuell konflikt. Forskriftene som er aktuelle i samband med friluftsliv er omtala i § 3 punkt 4, 5 og 6, og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovleg;

4. *”Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy”*
5. *”Bruk av naturreservatet til telteleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode”*
6. *”Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode”*

Elles er det nemnt i forskrifta at det er unntak frå vegetasjonsfredinga når det gjeld sanking av matsopp og bær (nemnt i § 4 punkt 3). Det er likevel viktig å huske at vegetasjonen generelt er freda, også daude planter, og plukking av til dømes blomster og mose er ikkje lovleg. Etablering av nye stiar er tilretteleggingsiltak som krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot verneføremålet. Sjå også *Forståing av unntak frå forskrifta* kap 5.2.

Forvaltingsmål for jakt, fiske og friluftsliv

- Bevare ein sunn bestand av gytande aure i Hjertvikelva
- Kanalisere ferdsel utanfor områda med marehalm og sandstorr

3.5 Undervisning og forskning

Med unntak av to informasjonstavler om Hjertvika naturreservat er ikkje området spesielt tilrettelagt for undervisning og forskning. Men området er lett tilgjengeleg grunna nærleik til vegen, og har stort potensiale for slik aktivitet. Det ligg til rette for å ha undervisning i området i store delar av året, særleg for mindre grupper av elevar. Både plassering, størrelse

og dei tilretteleggingar som er gjort tyder at undervisning i fleire fag kunne vere aktuelt. Det knyter seg stor informasjonsverdi til den varierte vegetasjonen i området og kartlegging av naturtypene og floraen er naudsynt, særleg i Hjertvikdalen. Det er grunn til å anta at naturen her inneheld fleire sjeldsynte soppar. Fagstoff om Hjertvika naturreservat finst på internett på stader som www.dirnat.no, www.artsdatabanken.no og www.miljostatus.no.

Forvaltingsmål for undervisning og forskning

- Det skal leggjast til rette for undervisning, formidling og forskning innafør verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet
- Kartlegge naturtypar og flora, særleg i Hjertvikdalen

3.6 Forureining

Forureining i form av kloakkutslepp i bukta er eit problem, særleg med omsyn til friluftsliv. Vi er særleg bekymra over at Hjertvikstranda er mykje nytta til bading om sommaren og frykter at utsleppa representerer ein reell helsefare. Verken fylkesmannen eller Aukra kommune meiner dagens avløpsløyseing tilfredstiller krava som er stilt i forureiningsforskrifta kapittel 11-13. Det er Aukra kommune sitt ansvar at utslepp av avlaupsvatn tilfredstiller krava i forureiningsforskrifta. Fylkesmannen i Møre og Romsdal ber om at kommunen klargjør dette problemet og lagar ein plan for sanering av kloakkutsleppet i bukta. Ein slik plan for avløp vil heilt eller delvis bli innarbeidd i forvaltingsplana ved revidering.

Det kan er også noko avrenning frå jordbruk over stranda på fleire stader.

3.7 Bygningar og tekniske inngrep

Det er ingen bygningar eller andre tekniske inngrep innafør reservatgrensa. Det står eit mobilt elektrisk gjerde som avgrensar storfebeitet, men dette blir ikkje klassifisert som teknisk inngrep.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre

skjøtseloppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO, og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive skjøtsel utan skriftlig løyve frå forvaltingsstyresmakta. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Til planen er det utarbeidd eit kart, sjå vedlegg 2, og ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 4. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. For kvart tiltak må kostnaden vurderast etter kor mykje pengar som blir løyvd frå sentralt hald kvart år.

Søppel langs stranda

Søppel langs stranda må følgjast med, og ryddast når det er naudsynt. Verneområde er vendt mot vest og samlar av den grunn ein god del søppel frå sjøen. Hjertvik vel har tradisjon for å rydde søppel i strandsona. Grunneigarar og andre frivillige har òg vore med her. Dette er eit positivt tiltak som forvaltningsstyresmaktene håper vil fortsette.

Framande planteartar

Det er viktig å halde reservatet fritt for framande artar som sitkagran, buskfuru og rynkerose. Dei representerar ei reell fare for den lokale floraen ved at å spreie seg og fortrenge annan vegetasjon. Det er fjerna eit felt med rynkerose i 2007, og området bør overvakast i nokre år for å vere sikker på at ho ikkje kjem igjen. Eventuelle nyskot skal fjernast mekanisk minst tre gongar for året. Dersom det er naudsynt kan det vurderast å fjerne dei ved å pensle på plantevernmiddel slik det vart gjort da det vart fjerna i 2007.

Skjøtsel i elvedalen

Elvedalen rundt Hjertvikelva er i ferd med å gro igjen til tross for beiting. Det står mykje lauvtre, særleg bjørk, og buskfuru i dalen som øydelegg elvas tidligare opne og lyse inntrykk. Det bør tynnast ut, og hogstavfall som kjem av slik skjøtsel skal fjernast. All buskfurua skal fjernast.



Ein del av lauvkrattet i elvedalen bør tynnast ut, og bergfurua skal fjernast



Eit stort rynkerosekratt blei fjerna, men restane må haldast under oppsikt

Skjøtselstiltak

- Halde området fritt for framande artar som rynkerose
- Fjerne buskfuru i elvedalen og tynne ut i lauvvegetasjon

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og deira tilstand. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Hjertvika naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypene i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale i oppfølginga av reservatet i framtida.

Hjertvikelva bør overvakast med jamleg for å kartleggje tempo og mønster på ei eventuell gjengroing, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen. Det er ikkje gjort systematisk oppfølging av flora og fauna i området sidan vernet vart vedtatt, derfor manglar nøyaktige data på utviklinga i området dei siste 20 åra.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterar til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Hjertvika naturreservat

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er laga to ulike informasjonstavle for Hjertvika naturreservat. Dei er sett opp på parkeringsplassen og sørvest på stranda i reservatet slik at det finst informasjon der det er mest naturleg for besøkjande å opphalde seg. Skilta er vist i vedlegg 5 og 6. Tavlene er veileigna som informasjon til brukarar av området og treng ikkje oppdaterast. I tillegg er det

sett ut skilt som markerer reservatgrensa ved noen strategiske punkt. Sjå vedlegg 2 for kart over området.

All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

5 SAKSBEHANDLING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvaltningsstyresmakt for Hjertvika naturreservat. Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernloven frå 1970 ble oppheva da naturmangfaldloven 19. juni 2009 ble vedtatt. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar.

Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tilleggast stor vekt ved fortolking av vernevedtak. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke formålet, og “føre var” - prinsippet skal tilleggast vekt ved fortolking av vernevedtak. Tvil om rettslige rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta fortolkas innskrenkande.

Verneforskrifta for Hjertvika naturreservat finst som vedlegg 1.



Hjertvikstranda sett frå vegen

Forvaltning av verneforskrifta

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars retter og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. (Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i forbindelse med skjøtsel).

Verneforskrifta kan innebære forbod eller innskrenkingar i grunneigars, rettshavars og publikum si råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlige noen særskilt råderett ut over det som følger av høve til skjøtsel etter regelverket. Det oppstår av og til tvil om kor mykje som kan tolkast inn under dei spesifiserte unntaksvedtak. Det er f.eks. ofte tatt inn vedtak i verneforskriftene som fastslår at enkelte tiltak skal være lovleg - utan at man kan slutte at andre typar tiltak som er nødvendig for å gjennomføre det lovlige tiltaket også er lovleg.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltningsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding.

Forståing av unntak frå forskrifta

§ 4 i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Punkt 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet.

Punkt 2 stadfestar at vedlikehald av grøftelaup i reservatet er lov. Det bør likevel gjerast i samarbeid med forvaltingsstyresmakta for å unngå skade på verneverdiane.

Punkt 3 er ei referanse til friluftslova, som stadfester allemannsretten.

Punkt 4 opnar for jakt på hjortedyr, altså hjort og rådyr, kanadagås og villmink. Hjortedyr kan gjere betydelig skade på verneverdiane i reservatet. Ved fangst av villmink bør det nyttast slagfelle for å unngå å påføre dyra lidning. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske.

Punkt 5 nemner fiske og uttak av fjøremark og agnskjel i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Grunneigar har rett på alle haustbare ressursar på sin eigedom i samsvar med norsk lov, derfor må ein ha løyve frå grunneigar for å hente ut slike artar. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

Punkt 6 opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Både auka og redusert trykk kan vere aktuelt.

Punkt 7 opnar for at den jordbruksaktivitet på dyrka mark som var i reservatet ved fredingstidspunktet kan halde fram. Det er ikkje dyrka mark innafor reservatgrensa, derfor er denne regelen uaktuell.

Punkt 8 gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i reservatet eller for å verne spesielt utsett avling.

Punkt 9 nemner at båt kan leggast på etablert båt plass, med dette meinast nausta i reservatets nordaustre del.

§ 5 i verneforskrifta viser til dei tilhøve der fylkesmannen kan gje løyve etter søknad. Sjølv om dispensasjonsheimelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må ein dispensasjon også vurderas ut frå verneformålet og naturforholda i det enkelte området. Det bør gis dispensasjon for tiltak som bidrar til å fremme verneverdiane. Slik bruk kan også vurderast som eit ledd i forvaltning for å bevare verneverdiane.

Punkt 1 opnar for motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter som alt fanst ved vernetidspunktet (§ 4 punkt 2), aktivitet relatert til beite (§ 4 punkt 6) og inngjerding (§ 4 punkt 8) og ved opprydding og sanking av drivved. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel i reservatet så langt det er mogeleg.

Punkt 2 opnar for vedlikehald av eksisterande stiar og ferdselsveggar. Det er ikkje lokalisert nokre slike i reservatet, derfor er dette punktet uaktuelt.

Punkt 3 nemner etablering av grøftelaup for drenering av tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggast nye grøftelaup som er i strid med verneformålet.

Punkt 4 opnar for avgrensa uttak av ved. Dette er mest aktuelt i Hjertvikdalen der det er tre av ein viss størrelse. Dette kan eventuelt gjerast som ein del av skjøtselen rundt Hjertvikelva. Sjå også punkt 8.

Punkt 5 viser til Hjertvikas historiske funksjon som båt plass. Sjølve stranda er ikkje aktuell som båt plass, men områda sør og nord i reservatet er betre egna til slikt. I nordvest ligger det allereie båt naust.

Punkt 6 viser til tradisjonelt uttak av sand, stein og grus. Uttak må berre være av mindre omfang til privat bruk, og alle store eller kommersielle uttak er strengt forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ynskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Staden for uttaket må spesifiserast i eit kart. Ofte vil uttak av sand, stein og grus også krevje ein søknad om motorisert ferdsel, slike tilfeller krev dispensasjon frå føresegna. Vegetasjon skal ikkje kome til skade ved slikt uttak.

Punkt 7 gir rom for sanking av tang og tare etter løyve. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk.

Punkt 8 opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark.

Punkt 9 opnar for avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, teltleirar og idrettsarrangement. Mindre slike arrangement, som sankthansfeiring, kan få løyve, men er altså søknadspliktig. Det er da viktig å hugse at andre ting i samband med slike arrangement også kan være søknadspliktig både til forvaltingsmynde og kommune, til dømes brenning av bål.

Punkt 10 gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.

Generelt om dispensasjon frå forskrifta

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlovens § 48 i **staden for** den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlas etter § 7 i verneforskrifta for Hjertvika naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta § 5 gjelder framleis. Naturmangfaldlovens § 48 er sitert nedst i vedlegg 1 – verneforskrifta.

Retningslinjer for saksbehandling

Punkta under syner generelle retningslinjer for all saksbehandling som gjeld Hjertvika naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseie at vedtaket kan omgjerast. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg behandling og vedtak.

4. Disse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Aukra kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV

Forvaltingsplanen for Hjertvika naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



7 REFERANSAR

- Artsdatabanken, 2006. *Norsk Raudliste 2006*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09
- Nilsen, L.S, Fløistad, I.S. og Bele, B, 2008. *Bekjempelse av rynkerose (Rosa rugosa) – Utprøving av metodikk (mekanisk og kjemisk) i Rinnleiret naturreservat og Ørin naturreservat i Levanger og Verdal, Nord-Trøndelag*. Bioforsk papport Vol 3 nr 163 2008.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.
www.dirnat.no, 03.08.09.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*. www.dirnat.no, 12.08.09.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast tilverneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke*. A/S E.K. Hansen Eftf. Aasgård & Sønn, Molde.
- Jordal, J.B., 2000. *Kartlegging av biologisk mangfold i Aukra kommune*. Ressurssenteret i Tingvoll, Aukra.
- Lid, J., 1987. *Norsk, svensk, finsk flora*. 5. utg, 2. opplag. Det norske Samlaget, Oslo.
- Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.
- Røa, Knut og Julnes, Johan, 1995. *Aukra gjennom tidene 1995 – krigsår og fredsfeiring*. Aukra. Pp 70-71.
- Svensson, L., Grant, P. J., Mullarney, K. og Zetterström, D., 1999. *Gyldendals store fugleguide – Europas og middelhavsområdets fugler i felt*. Gyldendal Fakta, Oslo.

Nettsteder

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no
- Lovdata, 2009. www.lovdata.no/
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga.

Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 1, freding av Hjertvika naturreservat, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 2/1,2,3,11,14 og 15. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 666 dekar, av dette er ca. 525 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Aukra kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på den minst påverka sanddynelokaliteten i Romsdal som også er den nordlegaste i Europa med marehalm og sandstorr i noko mengde.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi,

brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.

2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av båt på etablert båt plass.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass, og bygging av båtstø.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.

§ 6. Ferdsel

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7. Generelle dispensasjonsreglar – UTGÅTT, sjå naturmangfaldlova § 48

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8. Skjøtsel

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven)


§ 48. dispensasjon fra vernevedtak

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.



Hjertvika naturreservat



Informasjonsskilt



Grenseskilt



Rynkerose



Flytebrygge



Fiskeplass

Vernegrense

2/23 Gårds- og bruksnummer

Eiendomsgrense

Vedlegg 3 – Registrerte planter i Hjertvika naturreservat

Liste over planteartar som er observert i eller i direkte nærhet av Hjertvika naturreservat gjennom dei siste 30 år. Dei to øvste artane er formålet for vernet av Hjertvika og har derfor spesiell status. Alle raudlista artar, nasjonalt eller regionalt, er merka med raud farge. Status er delt inn i følgjande kategoriar, der dei seks første kategoriane er å sjå som raudlista: RE = Regionalt utdøydd, CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, DD = Datamangel, LC = Livskraftig, NA = Ikkje egna, NE = Ikkje vurdert. Informasjonen er usystematisk og mangelfull, og bør derfor oppdaterast. Data: Artsdatabanken.

Art	Nasjonal status	Regional status	Merknader
Marehalm	LC	CR	Verneformål
Sandstorr	LC		Verneformål
Aurikkelsveve	NE		
Bakkesøte	NT	VU	
Bakkeveronika	LC	VU	
Beitestarr	LC		
Bekkeblom	LC		
Bitterbergknapp	LC		
Bjørk	LC		
Bjørnebrodd	LC		
Bjørnekam	LC		
Bjørneskjegg	LC		Landholmen
Bleikstorr	LC		
Blokkebær	LC		Landholmen
Blåbær	LC		Landholmen
Blåklokke	LC		
Blåknapp	LC		Landholmen
Blåkoll	LC		
Blåtopp	LC		
Bråtestorr	LC		
Bueforglemmegei	LC		
Buestarr	LC		
Bukkeblad	LC		
Byhøymol	LC		
Bæreple	NA		
Dunhavre	LC	NT	
Duskull	LC		Landholmen
Dvergbjørk	LC		
Dvergjamne	LC		
Dvergsmyle	LC	NT	
Einer	LC		
Einstape	LC		
Elvesnelle	LC		
Engfiol	LC		
Engfrytle	LC		Landholmen
Enghumleblom	LC		
Engkarse	LC		
Engkvein	LC		
Engkvein	LC		Landholmen
Englodnegras	LC		

Engrapp	LC		
Engsmelle	LC		
Engsoleie	LC		Landholmen
Engstorr	LC		
Engsyre	LC		
Finnskjegg	LC		Landholmen
Firkantperikum	LC		
Fjellfrøstjerne	LC		
Fjellmarikåpe	LC		
Fjelltistel	LC		
Fjæresaltgras	LC		
Fjæresauløk	LC		
Fjæresivaks	LC		
Fjærestorr	LC		
Flekkmarihand	LC		
Fugletelg	LC		
Fuglevikke	LC		
Føllblom	LC		
Geitsvingel	LC		Landholmen
Geittelg	LC		
Gjeldkarve	LC		
Gjøksyre	LC		
Glattmarikåpe	LC		
Grannmarikåpe	LC		
Grasstjerneblom	LC		
Groblad	LC		
Grusstarr	LC		
Grøftesoleie	LC		
Grønnstarr	LC		
Gråstorr	LC		
Gulaks	LC		Landholmen
Guldå	LC		
Gullris	LC		
Gåsemure	LC		
Hanekam	LC		
Harerug	LC		
Harestorr	LC		
Havstorr	LC		
Heiblåfjær	LC		
Heifrytle	LC		
Heisiv	LC		
Heistorr	LC		Landholmen
Hengjeveng	LC		
Hestehavre	LC		
Hundekjeks	LC		
Hvitbladtistel	LC		
Hvitkløver	LC		
Hvitkurle	VU		
Hvitlyng	LC		
Høymol	LC		
Hårfrytle	LC		Landholmen

Hårsveve	NE		
Ishavsstorr	LC		
Jonsokkoll	LC		
Jordnøtt	LC		
Jordrøyk	LC		
Jåblom	LC		
Karve	LC		
Kattefot	LC		
Kildeurt	LC		
Kjerteløyentrøst	LC		
Kjevlestorr	LC	CR	
Klengemaure	LC		
Klokkelyng	LC		
Knappsiv	LC		
Knegras	LC		
Knereverumpe	LC		
Kornstorr	LC		
Krattlodnegras	LC		
Krekling	LC		
Krushøymol	LC		
Krypkvein	LC		
Krypsiv	LC		
Krypsoleie	LC		
Krypvier	LC	EN	
Kusymre	LC		
Kvann	LC		
Kvassdå	LC		
Kveke	LC		
Kystbergknapp	LC		
Kystgrisøre	LC		
Kystmyrklegg	LC		
Kystrødtopp	LC		
Kysttjernaks	LC		
Legeveronika	LC		
Liljekonvall	LC		
Linbendel	LC		
Linnea	LC		
Loppestorr	LC		
Lusegras	LC		
Lyngøyentrøst	LC		
Lyssiv	LC		
Mannasøtgras	LC		
Marinøkkel	NT		
Markfrytle	LC	VU	
Markjordbær	LC		
Markrapp	LC		
Melbær	LC		
Meldestokk	LC		
Mjødurt	LC		
Molte	LC		Landholmen
Myrfiol	LC		Landholmen

Myrhatt	LC		
Myrklegg	LC		
Myrmaure	LC		
Myrsauløk	LC		
Myrtistel	LC		
Nepe	LC		
Nyseryllik	LC		
Olavsskjegg	LC		
Osp	LC		
Paddesiv	LC		
Perlevintergrøn	LC		
Pors	LC		
Raigras	NA		
Rogn	LC		
Rome	LC		
Rosenrot	LC		Landholmen
Rundbelg	LC		
Rundsoldugg	LC		
Rustsivaks	LC		
Ryllik	LC		
Rypebær	LC		Landholmen
Rødkløver	LC		
Rødsvingel	LC		Landholmen
Røsslyng	LC		
Saftstjerneblom	LC		
Saltsiv	LC		
Sandslirekne	LC	EN	
Sandstarr	LC		
Sauesvingel	LC		
Sisselrot	LC		
Skjørbuksurt	LC		Landholmen
Skogarve	LC		
Skogburkne	LC		
Skogfiol	LC		
Skogsiv	LC		
Skogstjerne	LC		
Skogstoreknebb	LC		
Skrubbær	LC		Landholmen
Sløke	LC		
Slåttestorr	LC		
Smalkjempe	LC		
Smalsoldugg	LC		
Smyle	LC		Landholmen
Småbergknapp	LC		
Småblærerot	LC		
Småengkall	LC		
Smårørkvein	LC		
Småsivaks	LC		
Småsyre	LC		
Solblom	VU		
Stemorsblomst	LC		

Stjernestorr	LC		
Storblåfjær	LC		
Storfrytle	LC		
Stormarimjelle	LC		
Strandarve	LC		
Strandkjeks	LC		
Strandkjempe	LC		
Strandkryp	LC		
Strandkveke	LC	EN	
Strandnellik	LC		
Strandreddik	LC		
Strandrug	LC		
Strandrør	LC		
Strandsmelle	LC		
Strandstjerne	LC		
Sumphaukeskjegg	LC		
Sumpsivaks	LC		
Svartknoppurt	LC	NT	
Svarttopp	LC		
Sveltstorr	LC		
Sylsmåarve	LC	NT	
Særbustorr	LC		
Sølvbunke	LC		
Takrør	LC		
Tangmelde	LC		
Taresaltgras	LC		
Teiebær	LC		
Tepperot	LC		
Tettegras	LC		
Timotei	LC		
Tiriltunge	LC		
Torvull	LC		
Trådsiv	LC		
Tungras	LC		
Tunrapp	LC		
Tunsmåarve	LC		
Tveskjeggveronika	LC		
Tyttebær	LC		
Ugrasbalderbrå	LC		
Vassarve	LC		
Vendelrot	LC		
Villapal	LC	NT	
Vill-lin	LC		
Vivendel	LC		
Vårskrinneblom	LC		
Ørevier	LC		Landholmen
Østersurt	LC	VU	
Åkerdylle	LC		
Åkerforglemmegei	LC		
Åkersnelle	LC		
Ålegras	LC		

Samleskjema for ulike tiltak i Hjertvika naturreservat

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Gjennomførast	Merknad
Kartlegging av floraen	Høg	Fylkesmannen/NOF	2010	Kap 3.5
Rydding av strandsona	Middels	Grunneigarar/velforening	Ved behov	Grunneigarar/velforening bør kompenseras for arbeidet med eit årleg tilskot
Fjerne buskfuru i elvedalen	Middels	Grunneigar	Årleg	Kap 4.1 – ikkje klarlagt pr 14.01.2010
Fjerning oppslag av rynkerose	Middels	Friluftsrådet	Minst 3 gonger for året inntil ho er vekk	Bør gjerast mekanisk, men kan vurderast fjerna ved å pensle på plantevernmiddel dersom mekanisk fjerning ikkje er effektivt på sikt. Kap 4.1
Kanaliserer ferdsel utanfor vegetasjonsbelta	Høg	SNO	2010	Merke områda med sårbar vegetasjon med informasjon om verneformålet
Tynne i lauvtre i elvedalen for å oppretthalde dalens historiske halvopne preg	Middels	Grunneigar	Ved behov	Kap 4.1



HJERTVIKA

Hjertvika naturreservat i Aukra kommune vart oppretta i 2002. Vernet inngår i ein verneplan for havstrender og elvedelta i Møre og Romsdal. Formålet med vernet er mellom anna å sikre eit område med sanddyner og ein rest av førekomst av marehalm og sandstorr.

Hjertvika som eit botanisk interessant område vart oppdaga av botanikaren Ove Dahl på 1890-talet. Han fann den gongen mengder av strandkveke og marehalm. Dette er sørlege artar som er knytt til flygesand. Slik vegetasjon er no ein sjeldan naturtype i landet.



Sandstorr

Møre og Romsdal har dei nordlegaste områda i Europa for sanddyner med varmekjære sandstrandartar som marehalm og sandstorr. På alle plassane dei veks er dei meir eller mindre trua.

Hjertvika er den nordlegaste staden der sandstorr er relativt vanleg. I sanddyna på sørsida av utløpet av Hjertikelva, er det ein rest av marehalm. Den nordlegaste kjende førekomsten i verda var for nokre år sidan i Fræna, men etter oppdyrking kom planten bort frå den kommunen.



Marehalm

Området har stor variasjon i vegetasjonstypar med relativt fullstendige soneringar i sanddynesamfunna frå forstrender med strandarve til etablert sanddyne med gjeldkarve.



UTDRAG FRÅ VERNEFORSKRIFTA

- Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv
- Vi ber om at du:
 - ⇒viser omsyn til plante- og dyrelivet.
 - ⇒All vegetasjon er freda mot ein kvar skade
 - ⇒respekterer at motorisert ferdsel er forbode

I reservatet er det elles forbod mot mellom anna ferrengingrep, anlegg, byggverk, sykling og riding. Verneforskrifta og utfyllande informasjon om reservatet er lagt ut på www.naturbase.no

I strandområdet er det registrert til saman 67 artar. Mellom anna saltsiv, raudsvingel, fjørkoll, strandkryp, hestehavre og klengjemaure.



Tjeld

Verneområdet omfattar også ein del av Hjertikelva som er eit lite kystvassdrag med oppgang av mellom anna aure. Her er vegetasjonen av ein heilt annan karakter enn langs stranda.

Hjertvikbukta er eit viktig overvintringsområde for vassfugl. Ein kan da observere artar som gråstrupedykker, storskarv, ærfugl, sjørørre, havelle og siland. I hekketida kan artar som mellom anna ærfugl, tjeld, sandlo, myrsnipe, storspove, raudstilk, terner og forskjellige måseartar halde til i området.

I bukta er det nokre førekomstar av ålegras. Arten er ein av særst få marine blomsterplantar. Ålegrasenger er særst produktive, og vert rekna som viktige i marine økosystem.

Ålegrasenger fungerer mellom anna som skjulestad og oppvekstområde for fiskeyngel og krepsdyr. Dei er også viktige næringsområde for ender og svarar.



Gråmåse

FORVALTNING OG OPPSYN
Møre og Romsdal fylke, tf. 71 25 80 00
Statens naturoppsyn Møre og Romsdal, tf. 915 94 910
www.naturoppsyn.no

Vedlegg nr. 6

Saksbehandling forvaltningsplan for Hjertvika naturreservat.

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Hjertvika naturreservat i Aukra kommune vart send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 16.09.2009 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Det vart oppmoda til å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 23.10.2009. I same brevet vart det invitert til oppstartsmøte/orientering tysdag den 08.10.2009. På oppstartsmøte møtte fem grunneigarar. Ragna Sortland og Ulf Lucassen representerte fylkesmannen. På oppstartsmøte kom det fram mange synspunkt rundt forvaltninga av det verna området. Desse er omtalt og forsøkt innarbeid i planen så langt vi kan med bakgrunn i forskrifta for det verna området. Eit utkast til forvaltningsplan vart send på høring den 11.01.2010 med høyringsfrist 28.02.2010.

Det kom inn følgjande merknader til høyringsutkastet:

Nordmøre og Romsdal friluftsråd peikar på mange punkt i brev av 21.02.2010. Mellom anna meiner Friluftsrådet at planen er for omfattande i volum, maks 10 sider er ønskeleg. Elles peikar dei på mangelfull dokumentasjon av planteartar i området og etterlyser ei fugleregistrering. Status for vasskvaliteten i Hjertvikelva vert òg etterlyst. Ulike sider av beitebruken vert drøfta. Friluftsrådet går klart mot bruk av plantevernmidlar i det verna området, òg mot arten rynkerose. Mangelen på økonomi til skjøtselstiltak blir òg peikt på.

Hjertvika Vel v/Kari Hjertvik og Odd J. Nilsen. Hjertvika Vel meiner det burde vere unødvendig å søkje om å få brenne St.hansbål i fjøra, noko dei har gjort sidan 1984. Hjertvika Vel ønskjer òg å bruke stranda som badeplass som før og meiner det er urimeleg streng tolking av forskriftene å ikkje kunne setje opp eit volleyballnett i flomålet på sommarstid.

Aukra kommune i brev av 05.03.2010. Har ingen merknadar til planen slik den ligg føre.

Rudolf Iversen, Kathleen Iversen, Bjarne Harnes, Bjørg Harnes og Per Arne Rindarøy i brev av 26. 02.2010. Desse er einig i at elvedalen fortsett skal skjøttas og haldast open ved tynning og hogst. Dei meiner òg at det er for mykje forlangt at dei som grunneigarar skal fjerne all buskfuru i elvedalen, i så tilfelle må fylkesmannen inn og ta kostnadene. Dei ber om endring i pkt. 3.2.for å få med det korrekte stadsnamne som er Likstadberget.

Fylkesmannen sine vurderingar av innspel og merknader.

Mange av merknadene er samanfallande, og vil bli kommentert generelt, mellom anna bruk av plantevernmiddel mot arten rynkerose (*Rosa rugosa*). Direktoratet for naturforvaltning (DN) er i ferd med å utarbeide handlingsplan mot rynkerose. Denne handlingsplanen blir utarbeidd i tett samarbeid med Bioforsk. Dersom DN i handlingsplanen konkluderer med at plantevernmiddel er ein aktuell metode for å fjerne rynkerose, vil det òg vere aktuelt for oss i område der vi har problem med arten. Det vert i tilfelle ikkje vanleg sprøyting med plantevernmiddel, men pensling av enkeltobjekt. Det er vidare eit mål for Fylkesmannen å få utarbeidd ei informasjonsbrosjyre til ålmenta og hagesentra om framande artar i Norge.

Vi er einige i at kunnskap om naturfaglege verdiar og utvikling er mangelfull. Det har ikkje

vore ei målsetjing å kartleggje dette før forvaltingsplanen er vedtatt, dette er heller ein del av planen si målsetjing. Resultat av skjøtselstiltak er viktige element for utvikling og revidering av planen. Det er ikkje ei målsetjing å løyse skjøtelsoppgåvene på ti år, planen gjeld lenger enn det, men ved revidering skal både bevaringsmål og skjøtselstiltak vurderast og, om naudsynt, endrast. Ein viktig del av planen er å klargjere behov for tiltak i området og effekten av dei tiltaka som er utprøvd. Der utviklinga av naturfaglege verdier i området er kommentert i planen er dette gjort etter samråd med lokale fagfolk, då det er den beste tilgjengelege kunnskapen vi har i dag. Kartlegging av floraen kan dessverre ikkje prioriterast i denne omgangen. Merknader om historisk bruk er tatt med i planen. Fylkesmannen meiner at planen må vere av eit slikt omfang for å dekkje informasjonsbehovet til alle interesserte brukarar.

Sitkagrana og buskfuru med den utbreiing dei har i dag er i seg sjølv ikkje det største trugsmålet mot verneformålet. Problemet er den store spreinga desse artane har i verneområdet. Det er verken ønskeleg eller realistisk å fjerne all planta buskfuru på kort sikt, men i første omgang å halde spreinga i sjakk. Dette er ei stor utfordring både praktisk og økonomisk.

Ein av merknadene går på økonomi til skjøtselstiltak og kontinuiteten i dette arbeidet. Det er dessverre umogleg for fylkesmannen å framskrive skjøtselstiltak fleire år fram i tid då vi er avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Det er Statens naturoppsyn (SNO) som gjennomfører mange av skjøtselstiltaka i dei verna områda i fylket. SNO kan òg leige inn lokale aktørar til gjennomføring av praktiske tiltak.

Det har vore tradisjon å brenne St.hansbål i Hjertvika. Bålbrenning er søknadspliktig både til kommune og forvaltingsstyresmakt. Vi tolkar òg at oppsetjing av volleyballnett krev dispensasjon. Begge desse tiltaka kan pårekne å få dispensasjon frå verneforskrifta etter søknad, under visse vilkår.

Å legge til rette for å setje opp eit toalett vil gje signal om at område er opent for ålmenta som friluftsområde. Dette er ikkje ønskeleg frå grunneigarane si side. Før ein tek stilling i denne saka bør det avklarast om det er Hjertvika eller Horrembukta som skal ha tilrettelegging i framtida. Det bør uansett ikkje setjast opp toalett innan verneområdet.

Til sist vil fylkesmannen takke for alle innspel og merknader i prosessen. Mange av merknadene er fagleg relevante og skulle gjerne vore med i planen om dette var økonomisk mogleg. Det er heller ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltingsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltninga. I ein tidshorisont på 10 år vil ein heller ikkje få utretta alt ein ønskjer av tiltak. Men planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botn.

Tidlegare dispensasjonar: Det vart i brev av 18.05.2007 frå Møre og Romsdal fylke gjeve løyve til oppankring av ei badebrygge inne i naturreservatet.

Plangodkjenning.

Denne godkjende planen er i hovudsak som i høringsutkastet. Følgjande punkt er endra:

- Merknad tatt til følge; Endra stadsnamnet Likberghaugen til Likstadberget på side 12.
- Merknad tatt til følge; Endra ordlyd i vedlegg 4 om ansvar for å fjerne buskfuru.

